



Møteinnkalling

Utvalg:	Nasjonalparkstyret for Reinheimen
Møtested:	Teams
Dato:	20.01.2025
Tidspunkt:	11:00

Eventuelt forfall må meldes snarest til nasjonalparkforvalter. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Tidspunkt Kl. 11.00 -15.00

Kl. 12.30 vil Nye Veier og prosjektleder for vegstrekninga i Asplan Viak, orientere om vedtatt planprogram for strekninga Monge- Marstein i Romsdalen lvo og illustrere alternativa som dei skal jobbe vidare med.

Orienteringar

- KLD har invitert styrene til teams møte 21.januar kl. 12-14, for å uttrykke sitt syn om oppdraget til en utgreiing om organisering av verneområdeforvaltere. Det er satt av 2 min per styre i møtet, og det er sendt ut invitasjon og en orientering (sjå e-post frå Kristine sendt 08.01.25). Vi diskuterer innhaldet i Tereses talepunkt.
- NINA rapporten *Scenarieanalyse for Puttbudalen og Brøstdalen* er ferdig. Nasjonalparkstyret bør invitere bredt til eit teamsmøte der NINA presenterer resultatata. Dato for dette teamsmøtet er foreslått til 30. eller 31. januar.

- Justering av møteplan for 2025.

17.mars - Teams

28. april - Teams

16.-17.juni - Synfaring Lordalen, Lesja, Bjorli inkl. styremøte

26. september - Fysisk møte Lom evt. med rådgjevande utval

1. desember - Teams

Vel møtt til fyrste styremøte i 2025!

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 1/2025	Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 2/2025	Orienteringar		
ST 3/2025	Referatsaker		
	Oppfordring til restriktiv praksis - Nasjonalparkstyret for Reinheimen - dispensasjoner til motorferdsel i villreinområder		2024/12843
	NOTAT - Utredning av organisering av verneområdeforvaltere - Teamsmøte 12.12.24		2024/13634
ST 4/2025	Delegerte saker		
DS 1/2025	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - snødekt mark - Heimste Veltdalsvatn - Terje Gjerdet		2024/11089
DS 2/2025	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - snødekt mark - Rånå - Asbjørnsdalen - Herahøtjønn - Eivind Bakken		2024/5997
DS 3/2025	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - snødekt mark - vedlikehold av hytte ved Buabergvatnet - Eivind Bakken		2024/6002
DS 4/2025	Delegert sak - dispensasjon - Romsdalen LVO - helikopter - transport av ny mobilmast - 71/4 - Flatmark - Rambøll Norge AS		2024/11195
ST 5/2025	Tafjorden Reindalen LVO - dispensasjon - plassering av radarhus langs fylkesveg - Sandfonneset - Løberget - Norconsult Norge AS		2024/13881
ST 6/2025	Romsdalen LVO - avslag - 2024 - oppføring av telekommunikasjonsmast med tilhørende utstyrshytte - 70/2 - Lyse Tele AS		2024/8244
ST 7/2025	Finndalen LVO - dispensasjon - 2025 - uttak av lausmasser i Lauva sitt utløp - grusing av veg til Klomsro - Håkon Øverli		2024/10940
ST 8/2025	Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2025 - 2029 - snødekt mark - Torsbu selvbetjeningshytte - DNT Oslo og Omegn		2024/13742
ST 9/2025	Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2025 - 2029 - helikopter - minimumstelling av villrein - Reinheimen-Breheimen villreinutval		2024/14203
ST 10/2025	Romsdalen LVO - dispensasjon - 2024 - oppsetting av utedo på setra Gammelgarden - Brøstdalen - Jens Indergård		2024/9892

ST 1/2025 Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar

ST 2/2025 Orienteringar

ST 3/2025 Referatsaker

Oppfordring til restriktiv praksis - Nasjonalparkstyret for Reinheimen - dispensasjoner til motorferdsel i villreinområder

NOTAT - Utredning av organisering av verneområdeforvaltere - Teamsmøte 12.12.24

ST 4/2025 Delegerte saker

DS 1/2025 Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - snødekt mark - Heimste Veltdalsvatn - Terje Gjerdet 2024/11089

DS 2/2025 Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - snødekt mark - Rånå - Asbjørnsdalen - Herahøtjønn - Eivind Bakken 2024/5997

DS 3/2025 Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - snødekt mark - vedlikehold av hytte ved Buabergvatnet - Eivind Bakken 2024/6002

DS 4/2025 Delegert sak - dispensasjon - Romsdalen LVO - helikopter - transport av ny mobilmast - 71/4 - Flatmark - Rambøll Norge AS 2024/1195



Arkivsaksnummer: 2024/13881-0

Saksbehandlar: Mari Melbø Rødstøl

Dato: 13.01.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	5/2025	20.01.2025

Tafjorden Reindalen LVO - dispensasjon - plassering av radarhus langs fylkesveg - Sandfonneset - Løberget - Norconsult Norge AS

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i naturmangfaldlova § 48, får NVE dispensasjon til å sette opp eit radarhus langs fylkesveg ved Løberget i Tafjorden Reindalen landskapsvernområde.

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

Radarhuset skal vere som på biletet i søknaden og ha ei ytre ramme på 5,2 m X 2,7m.

Tiltaket vil ikkje vere i strid med verneformålet eller påverke verneverdiane nemneverdig.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Søknad på e-post frå Norconsult AS 10.12.2024 på vegne av NVE.

Saksopplysningar


Søknaden

På vegne av tiltakshaver Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), søker vi om tillatelse til plassering av et radarhus langs fylkesveg 5928 som vist i vedlegg. Tiltaket kommer innenfor Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde, mellom Sandfonneset og Løberget.

NVE overvåker bevegelser i fjellpartiet Hegguraksla, blant annet med radar. En radar i Fjøra skal skiftes ut og ulike nye plasseringer er vurdert og testet. Den omsøkte plasseringen gir best resultat. Som vist i vedlegg er tiltaket svært begrenset og plassert på eksisterende vegfylling. Et lite hus og parkeringsplass for én personbil. Tilsyn og vedlikehold gjøres normalt to ganger pr. år. Evt. utbedring/feilretting kan komme i tillegg.

Tiltaket omsøkes også til kommunen etter plan- og bygningsloven og til fylkeskommunen for kort avstand til veg.


NVE skriver: Hegguraksla ligger på østsida av Tafjorden, rundt én km fra stedet hvor Tafjordskredet gikk i 1934. Fjellpartiet består av to ustabile fjellblokker. Den øvre blokka har et volum på 2 millioner m³, den nedre 1 million m³. Bevegelsene ligger på opp mot 1 mm per år. Skred fra Heggursaksla vil kunne ta med seg steinur på vei ned mot fjorden og forårsake en flodbølge i Tafjorden som kan ramme bebyggelse.




Årlig sannsynlighet for et skred fra Hegguraksla er beregnet til større enn 1/5000. I kombinasjon med de vurderte konsekvensene av et mulig fjellskred, gjør dette at fjellpartiet klassifiseres som et ustabil fjellparti med moderat til høy risiko. NVE har derfor etablert kontinuerlig overvåking av fjellpartiet for å kunne varsle utsatt bebyggelse i god tid før et eventuelt skred utvikler seg.

Overvåkingen består i dag av strekkstag, crackmeter, drawwire, radar mot reflektorer og elektroniske vater (tiltmeter).

Skred fra Hegguraksla vil lage flodbølger som forventes å bli like store eller noe mindre enn ved hendelsen i 1934.



Kartet syner plassering av radarhuset.



Situasjonsplan.



Foto av radarhuset.



Foto av veglommen der huset skal stå.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.01.2024

Verneformål – forskrift

§ 2. Formål

Formålet med opprettinga av Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde er å:

- ta vare på eit særprega og vakkert naturlandskap med innslag av kulturlandskap der seterhus, setervollar og kulturminne etter fangst og beitebruk utgjør ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.
- ta vare på eit samanhengande område varierende frå høgjellet med leveområda til villreinen i Ottadalen nord til rike lauvskoglier langs Tafjorden.
- ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 48 gir heimel til å gjere unntak frå verneforskrifta dersom det ikkje er i strid med verneformålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig eller dersom sikkerhetsyn eller hensynet til vesentlege samfunnsinteresser gjør det nødvendig. I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8- 12, og presedensverknad.

Presedens

I enkeltsaker som gjeld tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg,

Vurdering'

NVE søker om å få sette opp eit radarhus for å overvåker bevegelser i fjellpartiet Hegguraksla. Dei har no funne ut at omsøkt område for radarhus gir best resultat. Det er ikkje heimel i verneforskrifta til omsøkt tiltak, så søknaden må behandlast som ein dispensasjonsak etter naturmangfoldloven § 48.

Naturmangfoldloven § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, men opnar for tiltak som "ikkje strir mot verneformålet og ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig" eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

Naturmangfoldlova § 48 gir i fyrste alternativ heimel til å gjere unntak frå verneforskrifta dersom det ikkje er i strid med verneformålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Det er snakk om å sette opp eit lite bygg som skal stå på eit allereie utbygd område, som er oppgrusa og tilrettelagt for at bilar kan køyre av vegen. Tiltaket vil ikkje forringe nokon naturverdiar og påverkar ikkje verneformål eller verneverdiar.

I naturmangfoldloven § 48 andre alternativ kan forvaltningsstyresmakta gi dispensasjon dersom eit omsøkt tiltak er nødvendig av omsyn til tryggleik. Radarhuset er eit godt tiltak for å auke tryggleiken til dei som bor i bygdene som blir ramma av raset frå Hegguraksla.

Vurderingen av miljørettsprinsippene (§§ 8- 12 i nml, kunnskapsgrunnlag, føre-var prinsippet, samla belastning på økosystemet, kostnadar ved miljøforringelse samt miljøforsvarlige teknikk og driftsmetodar) er ein del av vurderinga på om vilkåra i den aktuelle dispensasjonsbestemmelsen er oppfylt.

Det er god oversikt over kva som kan påverke landskap, økosystem, naturtypar og artar i området. Kunnskapsgrunnlaget (nml. § 8) om verneverdiane vurderast difor å være tilstrekkeleg og vi treng ikkje å ta i bruk § 9 (føre-var-prinsippet).

Etter § 10 "Økosystemtilnærming og samla belastning" skal eit vedtak vurderast i høve til samla påverknad/forstyrning, om eit løyve kan skape presedens, og såleis kan bidra til ei gradvis forringing av området og utholing av verneforskrifta. Det er liten fare for at det kjem mange søknader om å sette opp radarhus i verneområdet. Det er totalt kun 10 fjellpartier i noreg som får kontinuerleg overvaking.

Tiltakshaveren skal dekke kostnadene ved å hindre eller begrense skade på naturmangfoldet som tiltaket volder, dersom dette ikke er urimelig ut fra tiltakets og skadens karakter jmf § 11 i miljørettsprinsippene. For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som gir de beste samfunnsmessige resultater jmf § 12.

Radarhuset skal stå på ei gruslomme rett ved sidan av vegen og vil ikkje stri mot verneformålet og ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig.



Arkivsaksnummer: 2024/8244-0

Saksbehandlar: Mari Melbø Rødstøl

Dato: 13.01.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	6/2025	20.01.2025

Romsdalen LVO - avslag - 2024 - oppføring av telekommunikasjonsmast med tilhørende utstyrshytte - 70/2 - Lyse Tele AS

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Romsdalen LVO og naturmangfoldloven § 48, får Lyse Tele AS avslag på søknad om å sette opp telekommunikasjonsmast med tilhørende utstyrshytte i Romsdalen landskapsvernområde.

Ei mast på 42 m ved Skirimoen vil stri mot verneformålet og påverke verneverdiane nemneverdig.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Søknad på e-post 08.07.24

Oppdatert søknad på e-post 16.12.2024

Tilleggsopplysninger på e-post 07.01.2025

Saksopplysningar

Juli 2024 fekk nasjonalparkforvaltninga inn ein søknad frå Lyse Tele AS om om å sette opp telekommunikasjonsmast med tilhørende utstyrshytte i Romsdalen landskapsvernområde vest for Skiri gard. Forvalter opplyste søkjer om at denne masta kan komme i konflikt med den venta vegutbygginga i Romsdalen så søkjer tok kontakt med Nye Veier og fekk beskjed om at plasseringa var uheldig. 16. desember 2024 kom det ny søknad med ny plassering.

Søknaden




Fig 1. viser masta. Ver merksam på at teikninga ikkje syner den fulle høgda til masta.

Søknad sendt 08.07.2024

Vi søker herved om dispensasjon fra gjeldende vernevedtak – «Forskrift om verneplan for Reinheimen, vedlegg 1. Vern av Reinheimen nasjonalpark, Rauma, Norddal, Vågå, Lom, Skjåk og Lesja kommunar, Møre og Romsdal og Oppland».

Tiltaket gjelder oppføring av en telekommunikasjonsmast på 42 meter med tilhørende utstyrshytte på gbnr. 70/2 i Rauma kommune. Formålet med tiltaket er å forbedre telekommunikasjonstjenestene i området, noe som er av stor betydning for både sikkerhet, næringsliv og innbyggere. Situasjonsskart og illustrasjoner er vedlagt for å gi bedre oversikt over det planlagte tiltaket

Fra oppdatert søknad sendt på e-post 16.12.2024

Vi viser til vår byggesøknad om oppføring av telekommunikasjonsmast med tilhørende utstyrshytte. Etter dialog med «Nye Veier» har vi blitt informert om at den opprinnelige plasseringen av masten vil komme i konflikt med deres planer for utvidelse av veien.

For å imøtekomme dette har vi revidert plasseringen av masten. Den nye plasseringen sikrer at tiltaket ikke lenger er i konflikt med veiplanene, samtidig som avstanden på 30 meter til jernbanelinjen mot sør opprettholdes.

Vi ber om at dispensasjonssøknaden behandles videre basert på den reviderte plasseringen. Vedlagt følger oppdatert situasjonskart som viser den nye plasseringen.

Svar på e-post 07.01 der forvalter etterspør mer informasjon:

Vi har nå fremskaffet et oversiktskart som viser plasseringen av masten og utstyrshytten vi søker om, samt et dekningskart som illustrerer det eksisterende dekningsgapet i området. Kartene viser tydelig at det er sterkt behov for å etablere denne masten for å sikre bedre dekning for ICE i området.

I tillegg har vi markert eksisterende master i nærheten på et oversiktskart. Det er verdt å bemerke at disse mastene ikke tilhører oss, og vi har per nå ingen egne master i dette området. Informasjon om hvem som eier de andre mastene er dessverre ikke tilgjengelig for oss.

Når det gjelder spørsmål om hvorfor det er nødvendig å oppføre en ny mast, har vi gjennomført en grundig vurdering av eksisterende løsninger i området. Det er flere sentrale faktorer som gjør at en ny installasjon er nødvendig:

- De eksisterende antenneanleggene i området har ikke kapasitet eller teknologisk kompatibilitet til å støtte den nye generasjonen av telekommunikasjonsutstyr vi planlegger å installere. Dette inkluderer blant annet krav til spesifikke frekvenser og signalstyrer som ikke er tilgjengelige på de eksisterende mastene*
- Vi har ved flere anledninger forsøkt å innplassere oss på eksisterende master i regionen, men dette har blitt avslått av ulike årsaker. I noen tilfeller har de eksisterende mastereierne uttrykt bekymring for overbelastning av strukturen eller teknologiske uforeneligheter. Videre kan det være juridiske eller kommersielle hindringer som gjør det utfordrende å få tilgang til disse mastene. Dette har ført til at vi har sett oss nødt til å planlegge egne installasjoner for å kunne levere på våre dekningsforpliktelser.*
- Det er bestemt, at Norge skal ha 3 mobil nett. Disse danner grunnlag for den digitale grunnmuren. Gjennom å ha selvstendig infrastruktur minskes risikoen at flere aktører slås ut ved for eksempel strømbrydd, skredd, brann, hærverk, sabotasje med videre.*
- Vi har vurdert muligheten for fremtidig deling av den nye infrastrukturen med andre operatører, i tråd med Nkoms veileder. Den nye masten vil bli designet med dette for øye, slik at vi kan tilrettelegge for flere operatører i fremtiden.*






Fig 2 syner mobildekning for ICE i dette området.



Figur 3 syner plasseringa av tårnet mellom europaveg og jernbane.



Figur 4 syner plasseringa i forhold til dei andre mastane i nærleiken.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.01.2024

Søknaden blir vurdert etter:

- Verneforskrift for Romsdalen landskapsvernområde, 24.11.2006
- Forvaltningsplan for Reinheimen, mars 2010
- Naturmangfoldloven, 19.06.2009

Verneformål – forskrift

Formålet med opprettinga av Romsdalen landskapsvernområde er å:

- ta vare på eit særprega og vakkert naturlandskap med det biologiske mangfaldet som pregar landskapet
- ta vare på innslag av kulturlandskap der seterhus, setervollar og kulturminne etter fangst og beitebruk utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart
- ta vare på eit samanhengande naturområde varierende frå høgfjellet med leveområda til villreinen i Ottadalen nord til dalbotnen med Rauma elv

• ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer, der dei bratte fjellsidene mot Romsdalen utgjer eit særprega landskapselement i området.

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Verneforskriften § 3 punkt 1 sier at «Området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta punkt 1.2. og 1.3. er det forbod mot inngrep som oppføring, påbygging og ombygging av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretningar, vegbygging, vassdragsregulering, oppdemmingar, inngjerding av utmarksareal, oppdyrking og beitekultivering, treslagsskifte, drenering og annan form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, framføring av luftleidningar, bergverksdrift og annan form for grave-, sprengings- eller borearbeid, sprøyting med kjemiske middel, plassering av campingvogner og bubilar, riving av seteranlegg, etablering og merking av turstiar, forureining og forsøpling. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømmende.»

Ifølgje punkt 1.3 bokstav m), kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til: **til omlegging og opprusting** av jernbane, riksveg/europaveg, og teleinstallasjonar, samt annen infrastruktur i sone B.

Forvaltningsplan

Oppføring av nye bygg til formål nemnt i verneforskrifta kan godkjennast etter søknad. Det skal ikkje gjevast løyve til nybygg dersom dette strir mot verneformålet. Ein skal mellom anna vurdere om det aktuelle tiltaket kan endre landskapet sin art eller karakter. Ved søknader om nybygg skal ein leggje vekt på om det allereie finst bygningar som kan settast i stand eller byggjast om slik at dei dekkjer formålet med det ønskete nybygget.

Friluftsliv (s. 91): 7.4.1 Dagens bruk, mål og utfordringar Store delar av Rauma kommune generelt og området innafor Romsdalen landskapsvernområde spesielt er registrert som internasjonalt viktig friluftsområde. Denne vurderinga er basert på eit einestående og særprega vakkert natur- og kulturlandskap. I dalbotnen er det også grov blokkmark, og på Skiri er det eit buldrefelt som er internasjonalt kjent.

7.5.1 Dagens bruk, mål og utfordringar Reiselivet i området er basert på aktivitetar knytt til friluftslivet, slik som fotturisme, klatring, jakt og fiske (jf. avsnitt 7.4 om friluftsliv). Natur- og kulturlandskapet har også nasjonale verdiar. Saman med stor ferdsel langs E 136 gjennom Romsdalen bør dette gi gode føresetnader for næringsutvikling innan reiseliv både i hovuddalføret og i Brøstdalen. Området blir marknadsført og brukt i samband med kommersielle aktørar på Åndalsnes.

Naturmangfaldlova

Saken må i tillegg til vurdering etter verneforskrift og forvaltningsplan og unntak fra vernevedtak i naturmangfoldlovens § 48, også vurderes etter naturmangfoldlovens miljørettslige prinsipper i §§ 8-12 (kunnskapsgrunnlag, føre-var prinsippet, samlet belastning på økosystemet, kostnader ved miljøforringelse bæres av tiltakshaver samt miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder).

Presedens

I enkeltsaker som gjeld tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningslinjer for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldlova § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

Vurdering

Det søkes om å sette opp ei 42 meter høy kommunikasjonsmast med utstyrshytte ved Skirimoen i Romsdalen landskapsvernområde. I verneforskrifta for landskapsvernområdet er det heimel til omlegging og opprusting av teleinnstallasjoner, men ikkje for å sette opp eit nytt anlegg.

Då det ikkje er heimel i verneforskrifta til å sette opp telekommunikasjonsmaster må denne saka handsamast etter dispensasjonsbestemmelsane i § 48 i naturmangfoldloven.

Naturmangfoldloven § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, men opnar for tiltak som "ikkje strir mot verneformålet og ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig" eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlege samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

Verneformåla med å *ta vare på eit særprega og vakkert naturlandskap med det biologiske mangfaldet som pregar landskapet og ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer, der dei bratte fjellsidene mot Romsdalen utgjer eit særprega landskapselement i området*, blir utfordra med eit slik tiltak.

Bevaring av landskapsbildet og landskapsopplevelsen er ein sentral målsetting ved opprettelse av landskapsvernområdar og i dette området der Romsdalen på sitt smalaste, vil ei 42 m høg mast ruve godt i landskapsbiletet.




Fig 5 illustrerer ei mast på 43 m.

Området som blir berørt visuelt av omsøkt telekommunikasjonsmast har viktige natur-, kultur- og geologiske verdiar som ligg til grunn for vernet. Verneplan og forvaltningsplan for Reinheimen omtalar Romsdalen som eit nasjonalt viktig kulturlandskap og omsynet til biologisk mangfald og dei visuelle kulturlandskapselementa skal vektleggast. Fjellskred ved Skiri – Flatmark er spesielt verneverdig i norsk samanheng. I forvaltningsplanen for Reinheimen Nasjonalpark, er kampesteinane ved Skiri-Flatmark utheva som eit av 12 viktige verneverdige element. I tillegg til det storslåtte landskapet i Romsdalen, gir den tørre og karrige blandingsvegetasjonen i området, store opplevels- og rekreasjonskvaliteter som f.eks. bading i elva, sopp- og bærplukking.

I VVV-rapport 2001 Verdier i Rauma, er buldrefeltet ved Skiri klassifisert til nasjonal verdi:

Denne lokaliteten er nasjonalt kjent som et bra buldrefelt. Lokaliteten er delt i to med buldringsfelt på begge sidene av hovedveien. Området er stort og har mange forskjellige buldremuligheter med variert vanskelighetsgrad. Nærhet til elva med steiner og hvit sandstrand gir sterk naturopplevelse. Lokaliteten har også veldig gode sopplokaliteter men det er få muligheter for parkering her.

Vegstrekninga Marstein- Monge skal opprustas og Nasjonalparkstyret har ved fleire anledningar komme med uttale til dei ulike vegalternativa alternativa. Hovudbodskapen til nasjonalparkstyret har vært å ta vare på landskapsbiletet i dette spesielt dramatiske og vakre området av Romsdalen. I vedtatt planprogram er no det vegalternativet som forringer landskapsbiletet mest, forkasta frå vidare utredning. Forvaltar har tatt kontakt med Nye veier

i samband med oppdatert søknad og ny plassering av mast. Nye veier (Harald Monsen pers. medd.) opplyser på telefon at også den nye plasseringa er svært uheldig i forhold til den planlagte vegutbygginga.

I naturmangfoldloven § 48 andre alternativ kan forvaltningsstyresmakta gi dispensasjon dersom eit omsøkt tiltak er nødvendig av omsyn til tryggleik. Det er her verdt å merke seg Miljødirektoratets veileder «M106-2014 – Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter» som seier at føresegna ikkje er meint å gi løyve til nye bygningar i tryggingsoyemed. Nye tekniske inngrep vil vere i strid med intensjonen med områdevern, som er å ta vare på verneverdiane. Dispensasjonsheimelen for tryggleikshensyn kan derimot vere aktuell å vurdere ved søknader om etablering av naudnett, noko nasjonalparkstyret har gitt løyve til mellom anna på Skarfjellenden på Trollstigen.

Dersom eit omsøkt tiltak er nødvendig av omsyn til vesentlege samfunnsinteresser, kan forvaltningsstyresmakta gi dispensasjon etter naturmangfoldlova § 48 tredje alternativ. Hovudvilkåret er at det ligg føre ein vesentleg samfunnsinteresse. I tillegg er det eit vilkår at tiltaket er nødvendig. Med vesentleg samfunnsinteresse meiner ein tungtvegande omsyn av nasjonal tyding, til dømes flyplassar, jernbaner eller større samferdselsprosjekt. Saker som har stor lokal interesse eller regional betyding er ikkje tilstrekkeleg som grunnlag for dispensasjon etter denne føresegna (M106-2014 – Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter 2014). Det er allereie dekning på denne strekninga, men plassering av denne masta er formålstjenelig for å auke dekningsgraden til ICE. Forvalter vurderer difor ikkje denne masta som nødvendeg av omsyn til tryggleig og vesentleg samfunnsinteresse.

Vurderingen av miljørettsprinsippene (§§ 8- 12 i nml, kunnskapsgrunnlag, føre-var prinsippet, samla belastning på økosystemet, kostnadar ved miljøforringelse samt miljøforsvarlege teknikk og driftsmetodar) er ein del av vurderinga på om vilkåra i den aktuelle dispensasjonsbestemmelsen er oppfylt.

Det er god oversikt over kva som kan påverke landskap, økosystem, naturtypar og artar i området. Kunnskapsgrunnlaget (nml. § 8) om verneverdiane vurderast difor å være tilstrekkeleg og vi treng ikkje å ta i bruk § 9 (føre-var-prinsippet).

Etter § 10 "Økosystemtilnærming og samla belastning" skal eit vedtak vurderast i høve til samla påverknad/forstyring, om eit løyve kan skape presedens, og såleis kan bidra til ei gradvis forringing av området og utholing av verneforskrifta. Det er allereie ei mast i landskapsvernområdet men denne vart satt opp før vernet og som blir opprusta ila 2025. Denne masta står ved Søre Flatmark, illustrert på figur 4 i saksutgreiinga. Søkjer skriv i søknaden at dei ikkje har tilgjengeleg informasjon om eigar av dei to mastane som ligg i nærleiken. Forvalter kan opplyse om at det er Telenor Infra AS som har fått dispensasjon til å oppruste masta ved Søre Flatmark og vil oppmode ICE til å ta kontakt med Telenor for å høyre om dei kan bruke den same masta.

§ 11 (kostnadene ved miljøforringing skal bæres av tiltakshavar) og § 12 (Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode) er vurdert til ikkje å vere relevant ved dette avslaget.

Konklusjon

Naturmangfoldloven § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, men opnar for tiltak som "ikkje strir mot verneformålet og ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig" eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlege samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

Ei mast på 42 m på Skirimoen vil forringe landskapsbiletet i denne delen av dalen og vil stri mot verneformålet og påverke verneverdiane nemneverdig. Forvalter vurderer heller ikkje denne masta som nødvendeg av omsyn til tryggleig og som ein vesentleg samfunnsinteresse.

Vilkåra for å kunne gi dispensasjon frå naturmangfoldloven er ikkje oppfylt, og søker får avslag.



Arkivsaksnummer: 2024/10940-0

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 13.01.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	7/2025	20.01.2025


Finndalen LVO - dispensasjon - 2025 - uttak av lausmasser i Lauva sitt utløp - grusing av veg til Klomsro - Håkon Øverli

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde § 3, pkt. 1.3 a) får Håkon Øverli dispensasjon til uttak av lausmassar i Lauva sitt utløp, innafor område for godkjent reguleringsplan for uttak av lausmasser. Formålet med uttak av lausmassar er nødvendig vedlikehald og oppgrusing av seterveg frå Finndalsvegen til Klomsro seter inntil vernegrensa til Finndalen lvo.

Dispensasjon til uttak av lausmassar ved Lauva sitt utløp er gjeve med følgande vilkår:

- Ved Lauva sitt utløp kan det takast ut inntil 60 m³ elvegrus. Uttaket er markert med gråtone på flyfoto:



- Det skal takast ut elvegrus ned til eit nivå på kote 781,5 (m.o.h.)
- For å dokumentere nivået på utaksområdet, skal tiltakshaver sørge for at det blir nivillert opp lengde- og tverrprofil, 100 m oppstarums og nedstraums uttaksområdet.
- Uttak skal skje ved låg vasstand, normalt i peiodane 1.-15.juni eller 15.-31.august 2025

Nasjonalparkstyret kan krevje stans og oppretting dersom masseuttaka eller andre forhold fører til utilsikta endringar i vassdraget, eller er til skade for landskapsverdiane i området.

Dersom det under arbeidet med uttak av lausmassar vert funne automatisk freda kulturminne, skal arbeidet straks stansast i den grad det rører ved kulturminna eller sikringssona kring dei på fem meter, jf. lov om kulturminne § 8. Meldig skal da snarast sendast kultuminnestyresmakta i Innlandet fylkeskommune.

Dispensasjon gjeld i høve verneforskrifta. Det blir gjort merksam på at tiltaket må avklarast med grunneigar og Lom kommune.

SNO vil kontrollere at tiltaket er gjennomført i samsvar med vedtaket.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad frå Håkon Øverli, journalført 09.10.24
- Reguleringsplan Lauva, Lom kommune 1998

Saksopplysningar

Søknaden

Håkon Øverli søker om uttak av grun i Lauva sitt utløp for å oppgrusing av seterveg opp til Klomsro i randsona til Finndalen Ivo. Det er søkt om 20-60 m³, vist på kart:



Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.01.2024

Verneformål – forskrift

Formålet med Finndalen landskapsvernområde er ,jf. verneforskrift § 2, å:

- ta vare på eit eigenarta og vakkert natur- og kulturlandskap, der verdifullt setermiljø, vegetasjon og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.

- ta vare på leveområde og trekkområde for villreinen, og anna biologisk mangfald som pregar landskapet.
- ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.
- ta vare på vakker og særpreget vassdragsnatur.
- Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter (§ 3, pkt. 1.1). Reglane er ikkje til hinder for vedlikehald av eksisterande vegar, anlegg, gjerde og liknande...(§3, pkt. 1.2, b)).

Forvaltningsstyresmakta kan, jf. (§ 3, pkt. 1.3, a), gje løyve til: Uttak av lausmassar til vegvedlikehald frå område som er spesielt avsett til formålet gjennom forvaltningsplan.

Forvaltningsplan

Masseuttak § 3, pkt 1.3 a

Masse til vegvedlikehald kan etter søknad takast i område med godkjente reguleringsplanar ved Measæterøye og i Finna nedafor Lauva sitt utløp. (Jf kart nr 3)

Naturmangfaldlova

I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad.

Presedens

I enkeltsaker som gjeld tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg.

Vurdering

Lom kommune har godkjent reguleringsplan for masseuttak ved Lauva sitt utløp i Finna og langs Finndalsvegen ved Measæterøye. Det er i eit av desse områda søkjar ønskjer å ta ut grus. Søkjar har søkt om å ta ut inntil 60 m³ grus for å vedlikehalde ein eksisterande seterveg rett utanfor vernegrensa til landskapsvernområde. Utifrå mengde grus og formål er det eit akseptert behov for å ta ut grus for vedlikehald av setervegen.


I verneforskriften er det heimel for å gje dispensasjon til masseuttak til vegvedlikehald, i område med godkjente reguleringsplanar ved Measæterøye og i Finna nedanfor Lauva sitt utløp. Kommunen har ein slik reguleringsplan for området det er søkt om uttak. Området er avgrensa slik at det i prinsippet blir det teke ute overskotsmasse for å unngå senking av elveløp eller skade på vassdragsmiljøet.

Kunnskapsgrunnlaget om naturverdiar og vassdraget i området er godt, og tiltaket vil ikkje skade kjent natur- eller landspsverdiar, jf. NML § 8. Det er ikkje nødvendig å ta i bruk føre-var-prinsippet, NML § 9, i dette tilfelle.

Tiltaket vil heller ikkje skape unødig presedens da det er ikkje andre liknande setervegar inntil vernegrensa som til Klomsrosetra.

Så lenge uttaket er avklart med grunneigar og kommune og skjer innafor regulert område, og etter reguleringsreglane (sjå reguleringsreglar under) vil tiltaket ikkje påverke verneverdiane i nemneverdig grad. Vilkår for dispensasjon vil kunne avbøte på evt. ulemper for landskapsbilete i området.

Reguleringsplan Lauva



Reguleringsføresegner som gjeld masseuttak i utløpet av Lauva: Spesialområde masseuttak (Sm) Området ligg i Finna. Innafor området kan det takast ut masse ned til eit nivå på kote 781,5 (m.o.h). Grunneigar må syte for at det kvart år vert nivellert opp profil lengde- og tverrprofil som dokumenterer nivået på uttaksområdet. Kopi av profila skal oversendast NVE og Lom kommune. Innafor området skal det berre skje mellombels lagring av uttekne massar. Uttak kan berre skje i periodane 01. - 15. juni eller 15. - 31. august. Det skal ikkje skje lagring av drivstoff eller andre kjemikalier på området.

Uttaka skal avsluttast mot elvebreidd og plangrenser med ein skråning på 1 : 5. Mot vegfyllingar og vassdragstekniske anlegg skal det vere eit uttaksfri sone på 5 meter.

Oppmåling av lengdeprofil skal i tillegg til uttaksområde bli gjort 100 m oppstrøms nedstrøms for dette.

Oppmåling av tverrprofil skal skje med maksimal avstand mellom profila lik 100 meter oppstrøms og nedstrøms uttaksområdet.

Uttak skal berre skje på låge vasstandar og normalt i fyrste halvdel av juni eller siste halvdel av august.

Det er ikkje kjent automatisk freda kulturminne i planområdet. Dersom det ved tiltak i marka vert funne automatisk freda kulturminne, skal arbeidet straks stansast i den grad det rører ved kulturminna eller sikringssona kring dei på fem meter, jfr lov om kulturminne § 8. Melding skal snarast sendast til kulturminestyresmaktene i Oppland fylkeskommune slik at vemestyresmaktene kan kome på synfaring og ta stilling til om tiltaket kan halde fram eventuelt vilkåra for dette.

Den som utfører tiltak i vassdrag er ansvarleg for eventuelle skadar og ulemper som følgje av tiltaket, jf reglane i vassdragsloven.

Utsikta endringar i vassdraget som følgje av masseuttak eller andre forhold, kan medføre at planen vert teke opp til ny behandling.

Spesialområde privat veg (Spv) Vegen skal gje tilkomst til område for masseuttak og anleggsområde.



Arkivsaksnummer: 2024/13742-0

Saksbehandlar: Kristine Sørle

Dato: 13.01.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	8/2025	20.01.2025

Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2025 - 2029 - snødekt mark - Torsbu selvbetjeningshytte - DNT Oslo og Omegn

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark, § 3, pkt. 6.3 b), får DNT Oslo og Omegn dispensasjon til bruk av snøscooter til varetransport av ved/gass/proviant, utkøyring av søppel mm, og lovpålagt branntilsyn, til sjølvbetjeningshytta Torsbu.

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Dispensasjon til Torsbu gjeld for inntil 8 turar i vintersesongen f.o.m. 2025 t.o.m. 2029. Transporten skal gjennomførast innan 20.april, evt dagen etter 2.påskedag om den er seinare.
- Det skal ikkje gjennomførast transport veka før påske, i påkehøgtida, f.o.m. skjærtorsdag t.o.m. 1.påskedag.
- Transportoppdraget kan gjennomførast av hyttetilsyn tilsett av DNT Oslo og Omegn.
- Køyretrasé er Billingen – Tordalen – Torsbu, alternativ rute Billingen – langs Føysa – Langvasslågån – Trosbu. Retur same veg.
- All køyring med snøscooter skal skje skånsamt av omsyn til dyreliv, naturmiljø og friluftsliv. Ta spesielt omsyn til villrein og rovfugl.
- Det skal ikkje køyrast dersom det er villrein i området ved køyretraseen.
- Statens naturoppsyn (SNO) Per Olav Haugen (mob 970 57 213) skal varslast på SMS dagen før køyring.
- Dispensasjon og vedlagd køyrebok skal fyllast ut og takast med under transport, for framvising ved eventuell kontroll.
- Køyrapport (vedlagd) skal sendast til til nasjonalparkforvaltninga innan 31.12.24 det aktuelle året. Alternativt kan det rapporterast på mobilappen «Ferdast»

Dispensasjon gjeld i høve verneforskrifta. Det vert gjort merksam på at løyve for motorferdsel med snøscooter og må avklarast med grunneigar og kommunen, jf. «*Lov om motorferdsel i utmark*».

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad frå DNT Oslo og Omegn ved Tor Martin Stenseng, 06.12.2024
- Køyrapportar samt heatmap i Appen «Ferdast» i perioden 2020-2024

Saksopplysningar

Søknaden

DNT Oslo og Omegn søker om fleirårig dispensasjon til motorisert ferdsel med snøscooter, for varetransport til sjølvbetjeningshytta Torsbu i Reinheimen nasjonalpark. I søknaden 06.12.24 står følgjande:

«Vi søker med dette om en videreføring av løyve for skurtertransport til Torsbu selvbetjeningshytte, innenfor de samme rammer som er beskrevet i vedlagte løyve. Transporten gjelder innkjøring av proviant, ved, gass og utstyr, der returtransporten nyttes til utfrakting av sengetøy for vask, søppel og eventuelt anna returtransport. Til orientering så søker vi ikke om en videreføring av kvisting av skiløyper inn fra Billingen til Torsbu, da DNT Sunnmøre ikke lenger tilrettelegger med vintermerking i Tafjordfjella. Det var Skjåk Røde Kors Hjelpekorps som hadde ansvaret for kvistinga på denne strekningen. Bare ta kontakt om noe er uklart.»

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.01.2024

Verneformål – forskrift

Formålet med oppretting av Reinheimen nasjonalpark er fyrst og fremst knytt til naturkvalitetane i området, der leveområdet til villreinstammen i Reinheimen-Breheimen villreinområde står sentralt. Ein tilleggsverdi er at ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv i områda med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Verneforskrift § 2: *«Formålet med oppretting av Reinheimen nasjonalpark er å:*

- *ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega fjellområde*
- *ta vare på eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald*
- *ta vare på sentrale leveområde til villreinstammen i Ottadalen nord*
- *ta vare på eit viktig referanseområde for forskning med ein aust-vest gradient med stor variasjonsbreidde i høve til geologi, klima, vegetasjon og topografi*
- *ta vare på landskapsformer og særprega geologiske førekomstar*
- *ta vare på vassdragsnaturen i området - verne om kulturminne.*

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

All motorisert ferdsel er i utgangspunktet forbode i Reinheimen nasjonalpark.

Verneforskriftene § 3 pkt 6.3, b), opnar for at forvaltningsmyndigheita, etter søknad, kan gje løyve til bruk av beltegåande køyretøy på snødekt mark langs etablerte traséar, eller lufttransport for nødvendig transport av ved, materialar eller varer til buer og hytter, utkøyning av båt.

Forvaltningsplan

Forvaltningsplanen for Reinheimen utdjuar vernereglane. Motorisert ferdsel er særleg konfliktylt fordi verneområda skal vera skjerma for unødig støy og uro. Transportar skal ha eit klart nytteføremål, og motorisert ferdsel skal haldast på eit nødvendig minimum. Vidare

står det at motorferdsel i samband med bruk av beltegåande køyretøy på snødekt mark til ulike formål, i regelen skal skje ved bruk av leigekøyrar (jf Nasjonal forskrift om motorisert ferdsel i utmark og på islagte vassdrag § 5 a.). For å sikre fleksibilitet og å unngå unødig behandling av søknader, skal løyve gjevast for ein aktuell periode. For kjende, faste transportformål kan det gjevast løyve for inntil 5 år med avgrensing i tal på turar/sesong. Turar på vinterføre skal normalt avgrensast til 1 – 5 turar, og køyring etter 20.april, ev. 3.påsekdag om den er seinare, skal ikkje skje.

Naturmangfaldlova

I tillegg til behandling etter verneforskrift og eventuelle retningsliner i forvaltningsplan må søknaden også vurderast etter naturmangfaldlova, og dei miljørettslege prinsipp i §§ 8-12 (kunnskapsgrunnlag, føre-var prinsippet, samla belastning på økosystemet, kostnader ved miljøforringing bæres av tiltakshavar, samt miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder), jf. § 7.


Vurdering

Søklar har eit akseptert behov for transport som det kan gjevast dispensasjon til etter vernereglane. Køyretraseen frå Billingen til Torsbu er også vurdert som kurrant trase for behandling etter verneforskrift § 3, pkt. 6.3, b). (forvaltningsplan s. 48). Sidan DNT Sunnmøre har slutta å merke vinterruter mellom sine hytter i området, er det ikkje grunnlag for at DNT Oslo og Omegn kvister ruta inn til Torsbu vinterstid. I køyrerapportar frå DNT er det også gjennomført færre turar enn det var søkt om i førre periode.

Verneverdiane i Reinheimen og tilgrensande landskapsvernområde er i stor grad knytt til naturverdiar. Motorferdsel kan virke negativt på fauna i ein sårbar fase som kalving/hekking. Rovfugl og villrein er særleg utsett. I tillegg er støy frå motorisert ferdsel generende på friluftslivet. I Forvaltningsplan for Reinheimen er forholdet til å gi dispensasjon ikkje diskutert spesielt, men det blir understreka at motorferdsel kan vera særleg konfliktfylt fordi nasjonalparken og landskapsvernområda skal vera skjerma for unødig støy og uro, og at motorferdsel skal ha eit klårt nytteføremål. I verneområda er det og ei målsetting om å halde motorisert ferdsel på eit minimum. Av den grunn er det viktig å presisere at DNT må effektivisere varetransporten og stramme inn på tal turar til det som strengt tatt er nødvendig.

Vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12, jf. § 7: Det er allment kjent kunnskap at motorferdsel kan virke forstyrrende på dyreliv. Køyretraseen frå Billingen til Torsbu gjennom Tordalen går i eit område med ein sårbar rovfugllokaltet. (Høitomt, G. & J. Opheim 2018. REINHEIMEN NASJONALPARK (med tilliggende verneområder) - Sårbarhetsvurdering rovfugl/våtmarksfugl 2017. Kistefoss Skogtjenester, Rapport nr. 6 2018.) Lokaliteten er spesielt sårbar i perioden 01. februar til 15. juli. Stigen gjennom Tordalen er konfliktfylt, men den er på ei anna side utfordrande å legge om.

Køyretraseen ligg og i leveområdet for villrein, men tidleg på vinteren beiter vanlegvis størsteparten av villreinstammen i området søraust mot Liafjellet. Dei siste åra er det observert meir villrein i Tordalen, hovudsak bukkeflokkar. Som kartet under viser er det eit trekkområde inst i Tordalen (blått felt). Dette er eit trekk innad- og mellom funksjonsområder, som er viktig for delstammeutveksling. Her trekker villreinen noe sporadisk store deler av året. Det er viktig at snøscooterførarar i forkant av køyringa tek kontakt med SNO for å skaffe seg informasjon om dyrelivet i forhold til planlagt køyrerute. Kunnskapsgrunnlaget (Nml § 8) er godt dokumentert gjennom artsdatabasar og rapportar. Det er god oversikt over kva som kan påverke landskap, økosystem, naturtypar og artar. Dersom ein observerer rovfugl eller andre sårbare viltartar, er det viktig å halde god avstand for å unngå unødig forstyrning. Det er ikkje nødvendig å nytte *føre-var-prinsippet* i nml § 9, i dette tilfelle.



Nml § 10, *Økosystemtilnærming og samla belastning*, skal sikre ei heilskapleg vurdering av tiltaket, og kva belastning økosystemet vert utsett for. Dette inneber at tiltaket ikkje skal sjåast isolert, men vurderast saman med den totale miljøbelastninga av andre aktivitetar og tiltak i verneområdet. Snøscooter er akseptert som transportmetode vinterstid og mest hensiktsmessig til Torsbu. Verknaden av snøscootertransporten som DNT Oslo og Omegn gjennomfører, i tillegg til anna motorferdsel og ferdsel i området, er vanskeleg å måle. Isolert sett er ferdselen kvar vinter liten, men ferdsel over tid kan i større grad påverke sårbare artar sin bruk av områda.

Kunnskapsgrunnlaget peikar på at ferdselen i området, spesielt vinterstid, er uheldig for ein sårbar hekkelokalitet i Tordalen og kan vera ein årsak til at området ikkje har vorte brukt av den sårbare fuglearten i seinare tid. Traseen Billingen -Torsbu på vestsida av Tora elv er vurdert som konfliktfylt vinterstid. På ei anna side vil den menneskjeleg ferdselen kunne bli noko mindre på vinteren da traseen ikkje lenger blir kvista om vinteren. I samsvar med naturmangfaldlova §10, *økosystemtilnærming og samla belastning*, vil DNT Oslo og omegn sin varetransport til Torsbu vera innafor det som er akseptert, og vilkår vil kunne avbøte på eventuelle ulemper for verneverdiane.

Bruk av snøscooter er mest hensiktsmessig transportmetode for tilsyn og varetransport til sjølvbetjeningshytta Torsbu, jf. Nml § 12 *Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar*. Det er også etablert gode rutinar for gjennomføring av transporten.

Søknad om dispensasjon i dette tilfelle er knytt til drift av eksisterande DNT hytte frå ein av dei viktigaste innfallsportane i området. Varetransporten er effektivisert til det som er høgst nødvendig, og belastar ikkje området utover det ein kan akseptere i området.

Nasjonalparkforvaltar vurderer at ein har god kunnskap om naturmangfaldet, og vilkåra for å gje dispensasjon er oppfylt under gjevne vilkår.



Arkivsaksnummer: 2024/14203-0

Saksbehandlar: Kristine Sørle

Dato: 13.01.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	9/2025	20.01.2025

Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2025 - 2029 - helikopter - minimumstelling av villrein - Reinheimen- Breheimen villreinutval

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark § 6.3 e) og verneforskrifter for Ottadalen, Finndalen og Lordalen landskapsvernområde § 5.3 b), får Reinheimen-Breheimen villreinutval dispensasjon til bruk av helikopter under 300 m i samband med minimumstelljing av villrein i Reinheimen.

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Dispensasjonen gjeld frå 10. januar til utgangen av mars for åra 2025, 2026, 2027, 2028 og 2029.
- Dispensasjonen gjeld for inntil tre turar kvart år.
- Flyginga skal samordnast med Statens Naturoppsyn sine registreringsoppgåver i Reinheimen, og lokalt SNO skal varslast før kvar tur.
- Utfylt køyrebok og dispensasjon skal vera med på turen (jf. motorferdselforskriften §7).
- Køyrrapport skal sendast nasjonalparkforvaltninga innan 01.12. kvart år.

Det vert gjort merksam på at helikoptertransporten og landing må avklarast med grunneigar og aktuelle kommunar, jf. «Lov om motorferdsel i utmark».

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad frå Reinheimen-Breheimen villreinutval, e-post 18.12.2024
- Ferdselforskriften 2024, e-post 18.12.

Saksopplysningar

Søknaden

Reinheimen-Breheimen villreinutval søker om fornying av sin dispensasjon til lågflyging med helikopter over Reinheimen i samband med minimumstelling av villrein. I søknaden står følgjande:

«Villreinutvalet si løyve til bruk av helikopter går ut ved årsslutt 2024. I samband med dette ynskjer Reinheimen Breheimen villreinutval å søkje om fornya løyve med same vilkår som i inneverande. Det blir søkt om inntil 3 turar kvart år for åra 2025 – 2029. Det blir søkt om dispensasjon for å utføre minimumstelling kvar vinter. Minimumstellingane er det viktigaste forvaltningsgrepet utvalet har for å skaffe informasjon om bestandsutvikling og fastsette årlege fellingskvoter.»

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.01.2024

Verneformål – forskrift

Formålet med oppretting av Reinheimen nasjonalpark er å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega fjellområde, eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald. Sentralt i formåla i alle deler av verneområdet er å ta vare på sentrale leveområde til villreinstammen i Ottadalen nord.

All Motorferdsel på land og på vatn, og bruk av luftfartøy lågare enn 300 meter over bakken, er forbode, jf. verneforskrift for Reinheimen § 3, pkt. 6.1.

Nasjonalparkstyret kan etter søknad gje dispensasjon til motorferdsel for enkelte definerte tiltak.

Reinheimen NP; § 3, pkt.6.3 e) *Flyging lågare enn 300 meter over bakken i samband med beitedyrleiing og dyreteljingar.*

Landskapsvernområda Lordalen, Finndalen, Ottadalen; § 3, pkt. 5.3. b) *Nødvendig transport av ved, materialar eller varer til buer og hytter, utkøyring av båt og nødvendig motorferdsel i samband med snømålingar o.l. på snødekt mark langs etablerte traséar eller ved lufttransport.*

Forvaltningsplan


Forvaltningsplan for Reinheimen utdjupar forbodet mot motorferdsel (4.7.2 Retningsliner): I Reinheimen nasjonalpark og landskapsvernområda er motorisert ferdsel i utgangspunktet forbudt og særleg konfliktfylt fordi nasjonalparken skal vere skjerma for unødvendig støy og uro. Transportar skal ha eit klårt nytteformål.

Naturmangfaldlova

I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørechtslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad.

Vurdering

Reinheimen-Breheimen villreinutval har tidlegare hatt fleirårig dispensasjon for gjennomføring av minimumstøllinga vinterstid. Kartet under syner rute og flokkanvisning for vintertøllinga i 2024, oversendt 18.12.24 frå sekretær i villreinutvalet.



Reinheimen-Breheimen villreinutval er ei samanslutning av jaktrettshavarane i området, og villreinutvalet står for den utøvande forvaltninga av villreinbestanden når det gjeld søknad om kvoter/godkjenning av bestandsplan, utsending av kontrollkort og organisering av jaktoppsynet. Villreinutvalet har såleis eit dokumentert behov for motorisert ferdsel i samband med forvaltning av villreinbestanden. Det blir her også vist til at villreinen er ein sentral del av verneføremålet, og at jakt i verneområda kan utøvast på vanleg måte etter villtova.

Tiltaket skal vurderast mot naturmangfaldlova §§ 8-12, jf. Nml § 7.

Kunnskapsgrunnlaget (Nml § 8) er vurdert som tilfredsstillande i området. Det er god erfaring med å nytte helikopter til minimumsteljing av villreinbestanden i Reinheimen-Breheimen villreinområde. God kunnskap om utvikling av villreinbestanden er nødvendig for ei god bestandsforvaltning. Det er ikkje naudsynt å ta i bruk føre-var-prinsippet i Nml § 9 i dette tilfelle.

Nml § 10 Økosystemtilnærming og samla belastning. Ved å følgje retningslinene i forvaltningsplanen for flyging og minimalisere flyging og landing til det som er nødvendig, vil ikkje flyginga gje varig skade som truar verneformål, dyrelivet, eller forstyrrar dei som ønskjer å oppleve naturen med minst mogleg uro. Bruk av helikopter til føremålet vil ikkje skape presedens for andre søkjarar eller føremål.

Spørsmål om kostnadene ved miljøforingring skal berast av tiltakshavar, jf. Nml § 11 er vurdert til ikkje relevant i saka.

Bruk av helikopter synast å vera beste metode for å gjennomføre minimumstelling av villrein i området, jf. Nml § 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode. Helikopter er både effektivt og gir god oversikt over områdene, og fører til uro over ein stutt tidsperiode. Tiltak og formål oppfyller vilkår for å kunne fornye dispensasjon til bruk av helikopter i samband med minimumsteljing av villrein i Reinheimen området.



Arkivsaksnummer: 2024/9892-2

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 13.01.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	10/2025	20.01.2025

Romsdalen LVO - dispensasjon - 2024 - oppsetting av utedo på setra Gammelgården - Brøstdalen - Jens Indregård

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Romsdalen landskapsvernområde § 3, pkt. 1.3, a) og c) får Jens Indregård dispensasjon til oppføring av ny utedo, som tilbygg til fjøset på Gammelgården gnr.82 bnr.22 i Brøstdalen.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Ny utedo kan oppførast som tilbygg til austre gavelvegg på fjøset.
- Fundamentet på utedoen skal være enkel mur med naturstein.
- Utvendig kledning i trepanel skal påførast ein gråfarge/grånes naturleg slik at tilbygget ikkje dannar kontrast eller verkar skjemma i landskapet.
- Taket skal utformast som pulttak.
- Etter oppføring skal utedoen ha eit utvendig areal på inntil 2 m² (1,45 m x 1,38 m)

Frist for gjennomføring av tiltaket inkludert opprydding er sett til 01.10.2025. SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad om oppføring av utedo på Gammelgården gnr.82 bnr. 22, e-post 06.09.24
- Tilbakemelding – forhåndsvarsel – Romsdalen LVO – Brøstdalen – ulovlig oppsatt utedo, Jens Indregård e-post 19.08.24
- Varsel om mogleg pålegg om retting av brot på verneforskrifta i Romsdalen LVO, Nasjonalparkstyret 19.07.24
- Rapport – Romsdalen LVO – Brøstdalen – ulovlig oppsatt utedo, SNO 15.07.2024

Saksopplysningar

Søknaden

Jens Indregård har i e-post 06.09.24 søkt om å få sette opp ein ny utedo på setra Gammelgården, gnr. 82 bnr. 22 i Romsdalen lvo.

«Søker herved om å få bygge en utedo på setra Gammalgarden(82/22) i Brøstdalen. Utedoen som vart bygd på 1950 tallet vart tatt av en storm på 1990 tallet og siden da har vi kun hatt midlertidig løsnning i fjøset. Vi skal renovere hytta på Gammalgarden i årene fremover og sette den i den samme stand som den var for ca.100 år siden. Da vil den bli brukt mere og nødvendigheten med en skikkelig utedo vil øke. Utedoen vil ha ca.samme mål som den som sto fra før, høyde 3 m i forkant,2,6 m i bakant, og 1,45 m bredde og 1,38 m dybde. Mvh Jens Indergård»

Bakgrunn for saka:

Statens naturoppsyn sendte 19.07.24 ein rapport til nasjonalparksstyret om ein ulovleg oppsatt utedo i Romsdalen landskapsvernområde. I rapporten frå SNO går det fram at utedoen er satt opp på enden av det gamle fjøset Gamlegarden, gnr.82 bnr.22 i Romsdalen landskapsvernområde, som vist på foto under:



Foto: Utedo Gammalgarden, 03.07.24, SNO

Nasjonalparkforvaltninga sendte brev til tiltakshavar 19.07.2024 for å varsle om mogleg pålegg om retting av brot på verneforskrifta i Romsdalen lvo, og med ein frist 19.08.24 for attendemelding om forholdet.

Tiltakshavar sendte attendemelding på e-post 19.08.24, med ei forklaring på kva som er gjennomført, og at utedoen ble satt opp på enden av fjøset der det tidlegare har stått ein utedo.

Tiltakshaver skriv følgjande i attendemedlingen 19.08.24:

«Rundt 2022-2023 bestemte jeg og min bror Fredrik Indergård at vi i løpet av noen år skal ordne setra vår Gammalgarden sånn at den kan brukes igjen. Hovedsakelig dårlig gulv, dårlig tak og noen tømmerstokker som må byttes i nedre del av hytta. Vi søkte om støtte fra kulturminnefondet i 2024 og fikk støtte fra dem på kr 100000,- hvis vi

setter den i stand etter instruks fra dem.

I 2023 tenkte vi at hvis vi fikk støtte til Gammalgården så måtte vi ordne ny utedo. Den gamle utedoen stod ca. på samme plass som den nye men den vart tatt av en storm på 1990 tallet og aldri satt opp igjen. I mellomtiden har vi hatt en dårlig løsning i fjøsen, men nå når vi skulle bruke en del tid på sommeren i årene fremover tenkte vi at vi måtte ordne ny utedo. Lell om at det var min bror som ordnet og satt på plass utedoen er det mitt ansvar at det ikke var søkt om byggetillatelse. Utedoen er et enkelt byggverk og vi kan fjerne den i løpet av noen timer, men hvis det er mulig å levere en søknad og få den godkjent er det sjølv sagt vært det beste.....»

Forvaltar tok også kontakt med søker på telefon, og sidan det er planar om å restaurere hytta på Gammalgården, så vil behovet for ein utedo vera tilstade. Jens Indregård sendte derfor ein søknad 06.09.24 om etterfølgjande dispensasjon om oppføring av utedo på enden av det gamle fjøset.

Nasjonalparkstyret skal behandle søknaden som om tiltaket ikkje er påbegynt etter vernereglane i landskapsvernområdet.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.01.2024.

Verneformål – forskrift

Formålet med opprettinga av Romsdalen landskapsvernområde er å:

- «- ta vare på eit særprega og vakkert naturlandskap med det biologiske mangfaldet som pregar landskapet
- ta vare på innslag av kulturlandskap der seterhus, setervollar og kulturminne etter fangst og beitebruk utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart
- ta vare på eit samanhengande naturområde varierende frå høgjellet med leveområda til villreinen i Ottadalen nord til dalbotnen med Rauma elv
- ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer, der dei bratte fjellsidene mot Romsdalen utgjer eit særprega landskapselement i området.

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

Romsdalen landskapsvernområde er jf. verneforskrifta § 3, pkt. 1.1, verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta punkt 1.2. og 1.3. er det forbod mot inngrep som oppføring, påbygging og ombygging av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretningar, vegbygging, vassdragsregulering, oppdemmingar, inngjerding av utmarksareal, oppdyrking og beitekultivering, treslagsskifte, drenering og annan form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, framføring av luftleidningar, bergverksdrift og annan form for grave-, sprengings- eller borearbeid, sprøyting med kjemiske middel, plassering av campingvogner og bubilar, riving av seteranlegg, etablering og merking av turstiar, forureining og forsøpling. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømmende.»

Reglane i 1.1. er ikkje til hinder for; « b.Vedlikehald av eksisterande bygningar, vegar, jernbane, anlegg og andre innretningar. Alt vedlikehald av bygningar skal ta utgangspunkt i tradisjonell byggeskikk med omsyn til utforming og materialbruk. Arbeidet skal ikkje medføre endringar av storleiken og eksteriøret til bygningen.»

Etter søknad kan nasjonalparkstyret, jf. verneforskrift § 3, pkt. 1.3 mellom anna gje løyve til:
«a. Oppføring av nødvendige nye bygningar til jordbruks- eller seterformål.
b. Oppføring av nødvendige bygningar i regi av beitelag til beitebruk og tilsyn.
c. Ombygging og tilbygg til eksisterande bygningar i samsvar med forvaltningsplanen.»

Forvaltningsplan

I forvaltningsplan er vernereglane for byggetiltak presisert i retningsliner på s. 88 - 91:

«Byggjeskikk § 3, pkt 1.2 b. Alle nybygg, oppattbyggingar, tilbygg og restaureringar skal utførast i lokal byggjeskikk. Dette inneber at bygget så langt det er råd skal tilpassast eksisterande bygg i utforming, areal/volum, plassering, tilpassing til eksisterande hus og materialval. Forvaltningsstyresmakta kan stille vilkår når det blir gjeve løyve til slike tiltak. Ved vurdering av søknader om nybygg skal ein vurdere bygget og bygget sin funksjon opp mot verneformålet og verneverdiane i området. Ved godkjenning av byggjetiltak etter søknad skal det settast vilkår om at dei blir gjennomført slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande bygningar eller verkar skjemma i landskapet.

Nye bygg § 3, pkt 1.3, a, b, k, l. Oppføring av nye bygg til formål nemnt i verneforskrifta kan godkjennast etter søknad. Det skal ikkje gjevast løyve til nybygg dersom dette strir mot verneformålet. Ein skal mellom anna vurdere om det aktuelle tiltaket kan endre landskapet sin art eller karakter. Ved søknader om nybygg skal ein leggje vekt på om det allereie finst bygningar som kan settast i stand eller byggjast om slik at dei dekkjer formålet med det ønskete nybygget.

Ombygging og tilbygg § 3, pkt 1.3, c Det kan etter søknad gjevast løyve til ombygging og utviding av eksisterande bygningar. Ved søknader om ombygging skal ein vera restriktiv med å tillate ombygging som gjev grunnlag for bruksendring av bygningar. Dette må vegast opp mot verneformålet og målet om ta vare på landskapets sin karakter.

Endra bruk av seterbygningar Ein kan etter søknad gje løyve til ombygging av eldre bygningar i setermiljø dersom dette gjer at kulturlandskap, setervollar eller seterbygg blir halde ved like. Slik endring skal likevel ikkje føre til vesentleg endra utsjånad på bygget. Ein vil vere svært restriktiv med å tillate til dømes nye eller større glas, endra materialar eller kledning av gamle tømmerbygg. Dersom bygga er av historisk verdi, må fasadeendringar, opprusting og utviding skje i samråd med overordna kulturstyresmakt. For landbruksbygg skal arealet tilpassast driftsmessige behov.»

Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 48 gir heimel til å gjere unntak frå verneforskrifta dersom det ikkje er i strid med verneformålet og ikkje kan påverke verneverdiane moneverdige. I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8- 12, og presedensverknad.

Presedens

I enkeltsaker som gjeld tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldlova § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

Vurdering

Formålet med Romsdalen lvo er i hovudsakleg å ta vare på eit vakkert naturlandskap med det biologiske mangfaldet som preger landskapet, samt kulturlandskapet der seterhus, setervollar og kulturminne etter fangst og beitebruk utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart. I tillegg er det samanhengande naturlandskapet frå høgjellet med leveområde for villrein ned til dalbotnen med Rauma elv ein viktig del av verneformålet.


Verneforskrifta opnar for vedlikehald av eksisterande bygningar, men oppføring av ein ny utedo som tilbygg til eksisterande seterfjøs er i utgangspunktet forbode etter vernereglane i landskapsvernområdet, og det må derfor gjevast dispensasjon for at byggetiltaket skal være lovleg. Om det kan gjevast dispensasjon til å byggje på til ny utedo, krev det ei vurdering ut ifrå vernereglane i landskapsvernområdet.

I Romsdalen er fleire aktive og nyleg nedlagde gardsbruk innafor landskapsvernområdet. Desse omfattar ei rekkje bygningar, både bustadhus og driftsbygningar. Det er fleire gamle seterområde innafor landskapsvernområdet. I Brøstdalen ligg seterområda Kabben, Horgheimsetra, Furuholen og Gammelgården.

Innafor verneområda, t.d. i Brøstdalen og Vermedalen, finst det ein del eksisterande hytter. Ved Sjugurgarden rett utafor landskapsvernområdet er det regulert eit mindre hyttfelt. Også i sjølve Romsdalen er det bygningar, også tidlegare heilårsbustader, som blir brukt som fritidsbustader. Verneforskrifta viser til at forvaltningsplanen skal gje retningslinjer for tilbygg og utviding av desse. Ut frå verneformålet så er det ikkje formålstenleg å opne for vesentleg utviding av eksisterande hytter. Ein kan likevel sjå at det kan vere behov for mindre utvidingar i samband med tilpassing av bygg og behov for uthus.

Jens Indregard har søkt om å byggje opp att ein utedo inntil seterfjøset som vart tatt av ein storm på 1990 talet. Det er søkt om å oppføre ein enkel utedo inntil austre gavelveggen på seterfjøset, med eit mål på 1,45 m x 1,38 m, og høgde 3 m i framkant (sjå foto lenger opp i saka).

Gammelgården ligg innover mot Førholen og er ein del av eit vakkert kulturlandskap i Brøstdalen. Det er mindre beitebruk i området, og bygnigane er i stor grad nytta til fritidsformål. I kartet under er Gammelgården markert med raud ring.






Foto: Fjøset Gammelgarden, SNO 2014



Foto: Fjøset Gammelgarden, SNO 2014
Norge i Bilder: Gnr.82 Bnr.22

Verneforskrifta og forvaltningsplanen har teke høgde for at det kan vera behov for mindre ombygging og tilbygg av eksisterande bygningar i samband med tilpassing av bygg og behov for uthus.

På Gammelgarden er det i dag 3 bygg, seterhus/hytte, seterfjøs og løe på seterkvea. Oppføring av utedo som tilbygg på seterfjøset sin gavelvegg vil ikkje føre til endra bruk av eigdommen. Tiltaket vil og dekke eit nødvendig behov for utedo på Gammelgarden, og det er eit akseptert behov for tiltaket.

Det er utifrå vernereglane aksept for å gjera mindre endringar på eksisterande bygningar som t.d oppføring av utedo/uthus, dersom behovet er tilstade. I dette tilfelle ble den gamle utedoen teke etter vindkast, og det manglar av den grunn tilfredsstillande utedo. Så lenge utedoen blir bygd opp att der den tidlegare sto, vil ikkje tiltaket endre landskapet sin art eller karakter, eller vera i strid med verneføremålet.

Dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8- 12 er vurdert, og tiltaket vil ikkje skape uheldig presedensverknad. Ut i frå ei total vurdering er vilkåra for å kunne gje dispensasjon oppfylt.